



## SAKSFRAMLEGG

### Smedholmen (Kjeholmen). Forslag til landsverneplan for Miljøverndepartementet - Høring.

Utval sak	Utval	Møtedato
16/13	Formannskapet	20.03.2013

#### Vedlegg:

1. Brev frå Det kongelige miljøverndepartement datert 18.02.2013.
2. Forslag til landsverneplan- høring.

#### Bakgrunn:

Miljøverndepartementet har sendt ut forslag til landsverneplan for statlege eigedomar på høring. Formålet med planen er å bidra til å verna eit utval kulturminne og kulturmiljø blant departementet sine eigedommar. Den endelege landsverneplanen skal vera ferdig innan 2013, og vil bli sendt over til Riksantikvaren og danna grunnlag for ei formell freding etter kulturminnelova.

I verneforslaget som gjeld kompleks 2271 Kjeholmen er alle fire bygningane teke med. For tre av bygningane: våningshus, kårståve og løa er det berre eksteriøret som skal fredast. Freding av eksteriøret omfattar bygningane sitt ytre, det vil sei utforming, material og detaljar i fasadar og takflater.

Når det gjeld sjøbua er det forslag om både utvendig og innvendig freding. Det er i hovudsak mindre deler av interiøret som vert føreslått bevart.

#### Uttale til kompleks 2271 Kjeholmen (Smedholmen).

Fitjar kommune ser det som svært positivt at kystgarden på Kjeholmen er trekt ut som ein viktig statleg kulturhistorisk eigedom og at ein vil freda dei fire bygningane. I kommuneplanen ligg Kjeholmen inne med omsynssone kystgard og kystlynghei. Dette avdi kommunen vurderer kystgarden som ein særskilt viktig kulturhistorisk del av Fitjar. I kystgarden sitt kulturlandskap, med kystlynghei og innmark, er bygningane ein viktig del.

#### Dagens bruk

Smedholmen kyst og naturlivskule har disponert bygningane og skjøtta landskapet med utegangersau. Kommunen har tatt initiativ til restaurering av landskapet ved at all sitkagrana vart fjerna i 2012. I tillegg har Smedholmen i seinare år og vore nytta til konsertar, kunstutstilling og gudstjeneste. I samband med desse arrangementa har det vore stor dugnadsinnsats. Friluftsrådet Vest har dei siste åra lagt til rette for auka friluftaktivitetar for båttureistar og kurs i kajakk padling i samarbeid med Sunnhordland kajakkklubb. Viser elles til eigedomshistorikk i forslaget til landsverneplan.

#### Framtidig bruk

Tilbakemeldingar peikar i retning av eit sterkt ynskje om at ein skal opne opp for auka bruk for ålmenta.

Kommunen har no teke tak i denne oppgåva og det er sett ned ei arbeidsgruppe frå administrasjonen i Fitjar kommune for å legge til rette for ei ny organisering. Framtidig drift skal byggja på intensjonen i Direktoratet for naturforvaltning si handbok kap 4.7 og 4.8 der det m.a. går fram:

Bygningar og anlegg med kulturhistorisk verdi bør integrerast som ein del av friluftslivsområdet sitt totale opplevingsgrunnlag. (4.7)

Det kan vurderast å inngå samarbeidsavtalar som t.d. bruk av bygningar og drift, tilsyn og vedlikehald av området. Men ein skal vera merksam på at eksklusiv bruk av bygningar i friluftslivsområde kan verka hemmande og privatiserande i høve til ålmenta sitt opphald og ferdsel. (4.8)

### **Økonomi**

Vedlikehaldet har vore på eit minimumsnivå i mange år, og det er no trong for investeringar for å ruste opp bygningane både utvendig og innvendig. Det går fram i forslaget om verneplan at MD føreset at forvaltarane tek vare på bygningane gjennom vedlikehald, planlegging og gjennomføring av bygningsmessige tiltak, både på bygningane, deler av bygningane eller områda som er føreslatt freda eller verna. Dersom andre enn statlege organ skal stå som forvaltarar av eigedomsmassen må bygningane først oppgraderast.

### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar formannskap stør forslag til landsverneplan for Miljøverndepartementet kompleks 2271 Kjeholmen (Smedholmen) med atterhald som er skissert i saka.

### **Behandling i Formannskapet - 20.03.2013:**

**Representanten Harald Rydland (KrF)** kom med framlegg følgjande tillegg i vedtaket:

Dersom andre enn statlege organ skal stå som forvaltarar av eigedomsmassen må bygningane først oppgraderast på staten si rekning.

Administrasjonen kom med slikt framlegg til tillegg i vedtaket:  
Det bør sikrast nødvendig midlar til vedlikehald.

### **Røysting:**

Framlegg frå Harald Rydland vart samrøystes vedteke

Tilleggsframlegg frå administrasjonen vart samrøystes vedteke og det ligg føre slikt;

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Fitjar formannskap stør forslag til landsverneplan for Miljøverndepartementet kompleks 2271 Kjeholmen (Smedholmen) med atterhald som er skissert i saka.

Det bør sikrast nødvendig midlar til vedlikehald.

Dersom andre enn statlege organ skal stå som forvaltarar av eigedomsmassen må bygningane først oppgraderast på staten si rekning.

Atle Tornes  
Rådmann